



I kveld hadde 7.klasse den tradisjonsrike avslutningsfesten i Gamleskulen. Foreldra i 6.klasse hadde pynta og gjort i stand så det var ein konfirmant verdig. Festen vart i stor grad styrt av scenevante 7. klassingar som hadde eit flott program.

Jentene song og gutane hadde ein underhaldande doktorsketsj, i tillegg spelte dei tre jentene som går i korps eit par melodiar.

Det var ei fin matøkt med gryterett og iskaka til dessert.

Kontaktlærer Svein Sunde fortalde om korleis dei fem åra han hadde vore lærar hadde arta seg, og han fortalde på ein underhaldande måte om korleis det var å gå på skulen då han var liten.

Elevane fortalde alle om ein dag dei hugsa ekstra godt og alle hadde skrive ei lita helsing til Svein som dei leste opp då Svein og Terje fekk gåver av elevane.

Til slutt hadde Svein ein billedkavalkade frå dei fem siste åra, den viste at denne klassen har vore på utruleg mange kjekke fjellturar i saman.

Alt i alt er dette ein triveleg og svært sosial gjeng, som no berre har få dagar igjen på Uskedalen Skule.

Tekst og foto: Elin Enes